



Gisle Soltveit Tvedt  
Gangstøvegen 18  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4090 - 22/53723

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
30.06.2022

Løyve til utslepp av avløpsvatn frå basseng - gbnr 133/101 Soltveit søndre

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 746/22**

**Byggestad:**                      Gbnr: 133/101  
**Tiltakshavar:**                    Gisle Soltveit Tvedt  
**Ansvarleg søkjar:**                Gisle Soltveit Tvedt  
**Søknadstype:**                    Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

#### VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for avløpsvatn frå basseng på gbnr. 133/101 Soltveit søndre på følgjande vilkår:

1. Utsleppsløyve vert gjeve for utslepp av avløpsvatn frå basseng med storleik på om lag 18m<sup>2</sup>.
2. Avløpsvatnet skal førast fram til bekk som vist i situasjonsplan som alternativ 2.
3. Før nedtapping skal bassenget stå utan kjemikalietilførsel i minimum 45 dagar. Klormengd i avløpsvatnet skal vera filnærma lik null ved påslepp til bekk.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensning av forurensing, § 12-7.
5. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.

#### Saka gjeld

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for avløpsvatn frå basseng på gbnr. 13/101 Soltveit søndre. Bassenget har ein storleik på om lag 18 m<sup>2</sup> og mengd avløpsvatn vil vere om lag 8500 liter. Det er opplyst i søknaden at før nedtapping skal bassenget stå utan

kjemikalietilførsel i minimum 45 dagar. Klormengd i avløpsvatnet skal vere tilnærma null ved påslepp til bekk.

Det vert elles vist til søknad mottatt 16.05.2022.

#### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Knarvik, Alversund og Alverstraumen 2019-2031 er definert som areal for bustadformål.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i byggesaka, sak 22/2300. Det ligg ikkje føre merknader frå naboar som er varsla.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Det ligg føre følgjande privatrettsleg avtale mellom tiltakshavar og eigar av gbnr. 133/1.

## **Tillatelse til utslipp av bassengvann til bekk/elv**

Det gies tillatelse til utslipp av bassengvann under følgende forutsetninger.  
Det skal gies beskjed 3 uker i forkant for flytting av beitedyr. Det må være høy vannføring i bekk/elv. Det må slippes ut over en periode på 3 dager om høsten.

Undertegnede skal ha produktdatablad på kjemikalier/tilsetninger i bassengvann for det slippes ut.

Eier av hovedbruk foretrekker alternativ nummer 2 i søknad pga da vil ikke kjemikalier i bassengvann renne igjennom beiteområdet. En kan da se bort fra ovennevnte restriksjoner på utslipp da dette ikke kommer i konflikt med beitedyr.

#### **Uttale frå anna styresmakt**

Saka er sendt på høyring til VA-avdelinga i Alver kommune i internt notat av 08.06.2022. Det ligg føre følgjande uttale frå VA-avdelinga datert 28.06.2022.

Uttale - gbnr 133/101 Soltveit søndre.

*«Avrenning frå basseng skal gå til bekk som er lagt i rør til sjø. Miljø og tilsyn må sjølvje vurdere om dette er greitt, Avd. Samferdsel, veg, vatn og avløp har ingen innvendingar mot denne løysinga.»*

#### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart vedlagt søknaden.

#### **VURDERING**

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast med utslepp av avløpsvatn frå basseng til bekk som vist i situasjonsplanen som alternativ 2.

#### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare at eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

## **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningslova § 85 2.ledd](#) og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

## **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

## **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/4090**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Gisle Soltveit Tvedt

Gangstøvegen 5911  
18

ALVERSUND